



Samferdseldepartementet

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Dato: 13.02.2018

Vår ref.: 2017/4934-11

Saksbehandlar: bjomidt

Ferjeavløysingsordninga - førespurnad om førehandsavklaring og overslag på kor mykje vegprosjekt på Bømlo til erstatning for sambandet Langevåg – Buavåg kan utløysa i ferjeavløysingsmidlar

Me viser til retningslinjer for ferjeavløysningsordninga fastsett av Samferdselsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet 22.02.2016, revidert 10.11.2017. I Bømlo kommune held ein no på med å planleggja vegprosjekt som eventuelt kan erstatta ferjesambandet Langevåg – Buavåg ved at reisetida rundt vert så konkurransedyktig at ferje ikkje lenger er naudsynt. Det vert planlagt ny veg mellom fiskerihamna og Langevåg, mellom Sakseid og Hestaneset og mellom Sakseid - Ekornsæther. Desse vegutbyggingane vil redusera reisetida og lengda langs vegen på land mellom Langevåg og Buavåg og mellom Søre Bømlo og Haugalandet:



Ferja:

PBE ÅDT Langevåg – Buavåg i 2016: 295
Kapasiteten på ferja er 36 bilar og 149
passasjerer pr. tur og der er 17 turar (og retur) pr.
døgn måndag – fredag.

Trafikk per 2016:

ÅDT Ekornsæter-Sakseid: 1200
ÅDT Sakseid-Hestaneset: 900
Det er rekna med 2% trafikkvekst årleg.

Reisetider

Overfartstid Langevåg – Buavåg 20 min.

Reisetid med ferje Langevåg – Buavåg og vidare
til kryss E39 / Fv 47 på Haukås i Sveio er omlag 1
time. Reisetida frå Langevåg til kryss E39 / Fv 47
på Haukås i Sveio blir om lag 57 min, ved nye
vegtrasear og 80 km./t. Utan dei nye prosjekta tar
det ein om lag 1 time og 10 min

I retningslinjene står det i kapittel 4.1 –*Søknadsprosessen*, at:

«Fylkeskommunen skal avklare om vegprosjektet kjem inn under ordninga før den utformar den endelege søknaden om ferjeavløysingsmidlar. Førespurnad om ei slik førehandsavklaring skal rettast til Samferdselsdepartementet.

Hordaland fylkeskommune ber om at Samferdselsdepartementet kjem med førehandsavklaring for om ferjeavløysing Langevåg - Buavåg gjennom vegprosjekta nemnt ovanfor er omfatta av ordninga.

Vidare står det i retningslinjene, pkt. 4.2:

«I samband med førehandsavklaringa, må fylkeskommunen be Kommunal- og moderniseringsdepartementet om eit overslag på kor mykje prosjektet kan utløyse i årlege ferjeavløysingsmidlar. Overslaget tek utgangspunkt i inntektssystemet slik det er på det tidspunktet førehandsavklaringa blir gjeve, og omfattar brutto ferjeavløysingsmidlar fråtrekt auka drifts- og vedlikehaldskostnader på vegnettet. Det faktiske beløpet blir fastsett i samband med behandlinga av den endelege søknaden.

Utrekninga av drifts- og vedlikehaldskostnaden som skal trekkast frå brutto ferjeavløysingsmidlane er basert på følgjande løysing for ferjeavløysingsrosjektet:

Vegtype/vegelement	Lengde i meter	Vegstandard
Veg i dagen:		
Fv541 Sakseid-Hestaneset	9900	Ny trase.7,5 m. bredde, Dimensjoneringsklasse Hø2, gang- og sykkelveg med 3 m. rabatt, samla vegprofil på 13,5 m.
Fv541 Sakseid - Ekornsæther	4000	Ny trase.7,5 m. bredde, Dimensjoneringsklasse Hø2, gang- og sykkelveg med 3 m. rabatt, samla vegprofil på 13,5 m.
Fv 541 Langevåg - Fiskerihamn	4000	Ny trase.7,5 m. bredde, Dimensjoneringsklasse Hø2, gang- og sykkelveg med 3 m. rabatt, samla vegprofil på 13,5 m
Bru	-	-
Tunnel (landtunnel)	-	-
Undersjøisk tunnel	-	-
Sum ny veg	17 900	-

Samla kostnad er estimert til omlag 830 mill. kr. Det vert lagt til grunn at dei nye vegtraseane vil erstatta eksisterande fylkesveg i området. Dei gamle fylkesvegtraseane vil då bli omklassifiserte til kommunal veg ev. lagt ned.

Om desse vegprosjekta er omfatta av ferjeavløysingsordninga, ber me om eit overslag på kor mykje nedlegging av sambandet Langevåg – Buavåg kan utløysa i årlege ferjeavløysingsmidlar. Venlegast ta kontakt med seniorrådgjevar Jon Rune Smørdal, Tlf. 95 89 05 11 eller på epost jon.rune.smordal@hfk.no , for spørsmål eller ytterlegare informasjon.

Vi vil streke under at det ikkje er noko politisk vedtak om å leggje ned ferja Langevåg – Buavåg. Det som er klart er at konkurranseflaten mellom «å ta ferja» og «å køyre rundt» vil endra seg. Og det kan vere

vanskeleg å forsvare ferjesambandet om nokre år, dersom trafikken går mykje ned. Det er difor eit ønske å ha kunnskap om det er mogeleg å sjå ferjeavløysingsordninga som del av prosjektet no.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Bjørn Inge Midtgård
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.